

A photograph of two people walking away from the camera on a wet beach at sunset. The sky is filled with large, white clouds, and the sun is low on the horizon, creating a bright glow. The wet sand reflects the sky and the people. The waves are gentle and white. The overall mood is serene and contemplative.

# **Jærskulen frå og med hausten 2020**

## **Måldokument Tiltak** pr august 2020

## Innhald

|   |    |
|---|----|
| Kva er Jærskulen?.....  | 3  |
| A. Måldokument .....  | 4  |
| Formål for Jærskulen .....  | 4  |
| Mål for Jærskulen.....  | 4  |
| B. Struktur og organisering .....                                 | 5  |
| Innhald Jærskuledagar / Nettverk .....                            | 6  |
| Årshjul for 2020/2021 for Jærskuledagane: .....                   | 8  |
| C. Tiltak Jærskulen 2020/2021 .....                               | 9  |
| Oversikt over tiltak og aktivitet 2020 → .....                    | 9  |
| 1. Desentraliserte kompetansemidlar .....                         | 10 |
| 2. Felles samarbeid om teknologi som verktøy for læring.....      | 14 |
| 3. Felles kurs og driftsoppgåver m.a. eksamen, rekruttering ..... | 15 |
| 4. Trygt og godt læringsmiljø .....                               | 16 |
| Del 4. Årsrapport Jærskulen 2019 (mars 2020) .....                | 18 |
| Politisk vedtak juni 2019 .....                                   | 18 |
| Kva er Jærskulen?.....  | 19 |
| Økonomi og effektivisering.....                                   | 19 |
| Formål for Jærskulen frå og med 2020 av .....                     | 20 |
| Tiltak.....   | 20 |
| Undersøking desember 2019 .....                                   | 20 |
| Nettverk i 2019 og i 2020 .....                                   | 22 |
| Det store oppdraget til skulen .....                              | 23 |



## **Kva er Jærskulen?**

*Jærskulen er eit forpliktande samarbeid om skuleutvikling i Time, Hå, Gjesdal og Klepp. Samarbeidet bygg på erfaringar med Jærskulen som prosjekt frå 2013-2019, nasjonale og kommunale føringar. Dette dokumentet er måldokument og tiltak for Jærskulen.*

*Jærskulen sitt samarbeid er forankra i kommunestyrevedtak i kvar kommune frå juni 2019 der Time, Gjesdal og Hå fatta dette vedtaket einstemmig:*

- 1. Sluttrapporten om Jærskulen tilseier at samarbeidet går over i ein fast avtale og at dette held fram under namnet Jærskulen.*
- 2. Rådmennene får fullmakt til å gjennomføra dei organisatoriske endringane som ein treng for å vidareføra Jærskulen.*
- 3. Jærskulen avgir ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.*

*Klepp kommune har Jærskulen som eit prosjekt enno. Prosjektet til Klepp er dei organisatoriske endringane som vert gjort i det faste samarbeidet.*

## **Jærskulen sin lovheimel er Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringsloven)**

Samarbeidet er heimla i heile opplæringslova, men noko er meir relevant. Det er lista under her.

[§1- 1](#) Formålet med opplæringa

[§ 2-3](#) Innhald og vurdering i grunnskuleopplæringa

[Kapittel 9A – Elevens skolemiljø](#). Samarbeid om system, men ansvaret er kommunalt

[§13-1](#) Plikt for kommunen til å sørge for grunnskuleopplæring ... Kommunen skal ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået.

[§ 13-10. Ansvarsomfang](#)

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

## A. Måldokument

### **Formål for Jærskulen**

Samarbeid og læring i eit større fellesskap på tvers av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time i Jærskulen styrkar kommunane og skulane i si utvikling. Læringsfellesskapet er med på å skapa gode og trygge læringsmiljø som fremmar den enkelte elev si læring. I arbeidet med å fremma læringa for elevane på våre 33 skular er skuleleiarane sentrale. Jærskulen skal vera med på å styrka skuleleiarane i sine roller slik at det vert lagt til rette for profesjonsfaglege fellesskap med skulebaserte prosessar på eigen skule.

### **Målet med læringsfellesskapet i Jærskulen**

Jærskulen har skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som jamleg reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar eigen praksis.

### **Mål for Jærskulen**

Måla for Jærskulen er dei overordna nasjonale måla for sektoren.

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

Måla er nasjonale og gjeldande for kommunane og skulane.

### **Tiltak**

Tiltaka vert konkretisert i ein eigen [tiltaksplan](#). Plan vert evaluert kvart år.

I 2020/2021 har kommunane desse tiltaka ein samarbeider om i Jærskulen;

- Langsiktig arbeid med utvikling av praksis / Læreplanfornyninga  
Desentraliserte kompetanseutviklingsordning (DEKOM) i partnerskap med Universitetet i Stavanger (UiS)
- Felles samarbeid om teknologi som verktøy for læring
  - Pedagogisk bruk av læringsteknologi  
Profesjonsfagleg digital kompetanse (Pfdk) og desentraliserte kompetansemidlar
  - IKT res. gruppe
- Felles kurs og driftsoppgåver m.a. eksamen, rekruttering
- Trygt og godt læringsmiljø

**Tilstandsrapport og årsmelding** vert lagt fram for politikarane i mars kvart år.

Tilstandsrapporten syner til dei lovkrava som opplæringslova § 13-10 andre ledd har.

### Utviklingsplanar for skulane:

Alle skulane sine planer byggjer på nasjonale føringar, kommunale planar og analysar av eigen skule ut frå eigne resultat. Jærskulen har eit [bakgrunnsdokument](#) som er felles for skulane sine utviklingsplanar.

### Nettverk og samarbeid

Jærskulen har fire fellessamlingar for skulane sine leiargrupper kvart år. Skulane sine leiargrupper er delte i 7 nettverk.

1 nettverk for 1-10 skulane. 2 nettverk for ungdomsskulane og 4 nettverk for barneskulane.

## B. Struktur og organisering

Politisk skuleeigar og kommunane er det som har øvste ansvar i Jærskulen. Det er kommunane som styrer det interkommunale samarbeidet i Jærskulen.

### Styringsgruppe:

HTV og skulesjef. 3-4 møte i halvåret. Tiltak som Jærskulen har skal vidareutviklast og følgjast opp av denne gruppa. Gjera avklaringar for vidare arbeid.

### Strategisamling for Jærskulen:

Jærskulen si strategisamling er to gonger i året. Ein rektor frå kvar kommune vert invitert til å vera med. Elles er alle på skuleeigarnivå og HTV invitert på desse halvårlege strategisamlingane for Jærskulen.



### HTV/ATV (Hovudtillitsvald og Arbeidsplassstillitsvald):

ATV vert invitert med på alle fire Jærskuledagane. HTV er med på alle fire Jærskuledagane. Har ansvar saman med lokallagsleiar om nettverk for ATV og/eller lokale ATV samlingar. Vert lagt ut frå eit samla årshjul. Medskapning /medbestemmelse mellom rektor/ATV og skulesjef/HTV vert ikkje eigen dag, men vert lagt til ein dag som er Jærskuledag (forlenga for dei to på kvar skule)

### Skuleeigarnivå:

Dei fire Jærskuledagane er alle rådgjevarar og skulesjefar med. Kommunalsjef, PPT, oppvekst og andre kan og bli invitert. Representantar frå skuleeigar er med i kvart sitt nettverk som kontaktpersonar. Lærande møte mellom dei fire Jærskuledagane der ein tek med innspel frå nettverka, og kommunane på dei ulike Jærskuledagane. Desse møta er viktige for å få til gode prosessar i kommunane og for å følgje opp kvar enkelt skule. Totalt estimert 4 møter i året.

### Utviklingsleiar:

Leiar av samarbeidet i Jærskulen. Sikre at ein har samarbeid på politisk og administrativt nivå i Jærskulen sine kommunar. Del av kvalitetssystemet for kommunane (jmf §13-10)

## Nettverk, organisering

Skulesjefane i kvar kommune har saman med utviklingsleiar sett opp desse nettverka for 2020/2021.

|                     |                  |                      |                         |         |
|---------------------|------------------|----------------------|-------------------------|---------|
| Barneskular 1<br>B1 | Motland          | Rosseland<br>Undheim | Kleppe                  | Solås   |
| Barneskular 2<br>B2 | Varhaug b        | Bryne<br>Hognestad   | Orre<br>Tu              | -       |
| Barneskular 3<br>B3 | Bø<br>Høyland    | Frøyland b           | Bore b                  | Bærland |
| Barneskular 4<br>B4 | Vigrestad<br>1-4 | Lye b                | Engelsvoll<br>Horpestad | Ålgård  |

|                       |           |                        |         |         |
|-----------------------|-----------|------------------------|---------|---------|
| Ungdomsskular 1<br>U1 | Varhaug u | Vardheia<br>Frøyland u | Bore u  | Gjesdal |
| Ungdomsskular 2<br>U2 | Nærbø     | Lye u<br>Bryne u       | Klepp u | -       |

|                      |                             |   |             |                             |
|----------------------|-----------------------------|---|-------------|-----------------------------|
| Kombinerte<br>skular | Ogna 1-10<br>Vigrestad 5-10 | - | Orstad 1-10 | Dirdal 1-10<br>Oltedal 1-10 |
|----------------------|-----------------------------|---|-------------|-----------------------------|


### ***Innhald Jærskuledagar / Nettverk***

Kvar av dei fire Jærskuledagane vil ha ein fellesdel som er fyrst eller sist kvar gong. Fellesdelen er tenkt at den skal vera 1-2 timar kvar gong. Nettverka skal vera 3 – 4 timar. Normalt vil Jærskuledagane vare frå 10:00 – 15:00  
Fellesdelen er for ATV og skuleleiarar på 33 skular. HTV og skuleeigar  
Desentralisert kompetanseordning, deling, foredrag og kompetanseheving er innhaldet.

|   |   |   |
|---|---|---|
| <p>Nettverk organisert som leiarnettverk på tvers av kommunar og som ATV nettverk på tvers av kommunar. 3-4 timar.<br/><i>Tida kan ein nytte ulikt på dei tre delane kvart møte ut frå kva nettverket ser ein treng</i></p> |   |   |
| Oppfølging/førebuing av fellesdel av dagen.<br><br>Oppgåver som ein drøfter og reflekterer kring i eige nettverk. Følgje opp på eigen skule.  | Leiarutfordring(ar) /erfaringsdeling<br><br>Nettverket vel korleis og på kva måte ein ønskjer å arbeide med dette punktet.<br>Vidareføring av gode erfaringar frå 2013-2019 | Faglitteratur/ Teori.<br><br>Drøfting av problemstillingar og teori knytt til utviklingsarbeid i eigen jobb.<br>Vidareføring av gode erfaringar frå 2013-2019 |
| Likt i kvart nettverk   | Ulikt frå nettverk til nettverk   | Kan vera ulikt frå nettverk til nettverk  |
| <p>Mot slutten av kvart nettverksmøte:<br/>Fordeling av oppgåver til neste gong, evaluering og referat vert lagt i Teams</p>  |   |   |

### Leiarnettverk organisering

- Alle skular må stille med minst to rep. frå si leiargruppe i eige nettverk. Dei kan ha med andre (leiargruppa). Evtnt ekstra skal vera primært leiarar ikkje lærarar. Dvs. trinnleiarar er ikkje med i leiarnettverka. Dersom ein er i tvil snakkar ein med eigen skulesjef.
- Evaluere deltaking i nettverk etter eit år jmf deltakarar. I nettverk som er store er det særst viktig at ein gjer organisatoriske grep for å få gode prosessar.



### Leiarnettverk, innhald

- Skuleleiarar skriv møtereferat på rundgang
- Teams er plattform frå og med hausten 2020
- Skuleleiar leiar møte kvar gong. Korleis finn nettverket ut sjølv.
- Ein frå skuleeigar er med i nettverksmøtet. Dette er ein fast person. Denne har ansvar for å ta innspel inn og ut av nettverket.
- Alle deltakarane har ansvar for å bringe inn innhald i nettverket og til å melde inn ønskjer og behov for fellestema for alle på Jærskuledagane.

### Årshjul for 2020/2021 for Jærskuledagane:

| Kva                         | Når                                       | Kor              | Kven   | Innhald  |
|-----------------------------|---|------------------|--|--|
| <b>Jærskuledag I</b>        | Torsdag 17. september 2020<br>10:00-15:00 | Klepp rådhus     | Utviklings-<br>gruppe<br>ATV/HTV<br>Skuleeigar | Jærskulen 2020. Felles oppstart truleg <b>digitalt</b> evnt felles Klepp rådhus<br>Etablere nettverk<br>Leiarnettverk/ATV nettverk                           |
| <b>Jærskuledag II</b>       | Onsdag 18. november 2020                  | Gjesdal veveriet | Utviklings-<br>gruppe<br>ATV/HTV<br>Skuleeigar | Desentralisert kompetanseutviklingsordning (1-2 timar felles)<br>Leiarnettverk<br>ATV nettverk   |
| <b>Jærskuledag III</b>      | Måndag 8. februar 2021                    | Time rådhus      | Utviklings-<br>gruppe<br>ATV/HTV<br>Skuleeigar | Desentralisert kompetanseutviklingsordning (1-2 timar felles)<br>Leiarnettverk<br>ATV nettverk<br>Medskaping (ikkje eige møte i jan)<br>rektor ATV – 2 timar |
| <b>Fellesmøte Jærskulen</b> | Tysdag 23. mars 2021                      | Gjesdal veveriet | Utvala rektor<br>ATV/HTV<br>skuleeigar         | Fellesmøte med ein temadel og ein del der ein ser på tilstandsrapporten  |
| <b>Jærskuledag IV</b>       | Fredag 16. april 2021                     | Hå               | Utviklings-<br>gruppe<br>ATV/HTV<br>Skuleeigar | Desentralisert kompetanseutviklingsordning (1-2 timar felles)<br>Leiarnettverk<br>ATV nettverk   |



## C. Tiltak Jærskulen 2020/2021

### Oversikt over tiltak og aktivitet 2020 →

|  |  |
|--|--|
|  | Avtalar som er gjort og som er gjeldande i denne perioden          |
|  | Prosjekt med Universitetet i Stavanger som er gjeldande i perioden |
|  | Planlagt aktivitet i Jærskulen                                     |

|                                     | Kva  | H2020 | V2021 | H2021   | V2022 | H2022 | V2023 |         |
|-------------------------------------|--|-------|-------|---------|-------|-------|-------|---------|
| TILTAK                              | Desentralisert kompetanseordning- Jærskule dagar- læreplanfornyinga    |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Forskningsprosjekt undervisning/praksis/elevfokus                      |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | CLAE, kritisk tenking  |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Strategi profesjonsfagleg digital kompetanse                           |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | 4 årlege møte med digitale res.pedagogar                               |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | IKT res gruppe, 2-3 møte i halvåret                                    |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Dig Up   |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Samarbeid Eksamen m/Sola kommune Ny læreplan. Omfattande arbeid        |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Kurs 1.klasse kvart år   |       |       | Klepp   |       | Hå    |       | Gjesdal |
|                                     | Rekruttering, Treff i januar, karrieredag                              |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Rettleiing, eigen plan   |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Lærarsamlingar/kurs for alle eller i regi av nettverka. Leiarar avgjer |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Trygt og godt skulemiljø, avklare korleis hausten 2020                 |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | Robust   |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | <b>Politisk skuleeigar Fellesmøte mars</b>                             |       |       | Gjesdal |       | Klepp |       | Hå      |
|                                     | <b>Planlegging og evaluering med politisk utval</b>                    |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | <b>Styringsgruppe 3-4 møte i halvåret</b>                              |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | <b>Strategisamling 1 gong i halvåret</b>                               |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | <b>Skuleeigarnivå, samhandling</b>                                     |       |       |         |       |       |       |         |
|                                     | <b>Oppfølging dialogmøte med skulane</b>                               |       |       |         |       |       |       |         |
| <b>Utviklingsplanar for skulane</b> |  |       |       |         |       |       |       |         |

Tiltak nedst i tabellen er rammer for samhandling mellom kommunane og tiltak som er ein del av drifta for oppfølging av skulane.


Kvalitetssystem for Jærskulen har eige [bakgrunnsdokument](#) der m.a innhald i skulane sine utviklingsplanar og Jærskulen sin modell for skuleutvikling er skildra. Modellen skal vera eit godt utgangspunkt for eit årleg analysearbeid på kvar skule. Analysen skal gjerast for å avdekke behov, sette seg nye mål og finne eigna tiltak. .

## 1. Desentraliserte kompetansemidlar

Langsiktig arbeid med utvikling av praksis / Læreplanfornyingsa

Desentraliserte kompetanseutviklingsordning (DEKOM) i partnerskap med Universitetet i Stavanger (UiS)

| Organ  | Utviklingsleiar | Skulesjef | Rådgjevarar | HTV   | rektor og leiargruppe | Atv |
|--|-----------------|-----------|-------------|-------|-----------------------|-----|
| Dekomp-Jærskule samlingane<br><i>4 gonger i året</i>   | x               | x (4)     | x           | x (4) | x                     | x   |
| Dekomp Jærskulen (Styringsgruppa)  | x               | x (4)     |             | x (4) |                       |     |
| Ein frå kvar kommune har ansvar for praktisk gjennomføring og organisering av Jærskuledagane<br>Evaluering frå nettverka frå gong til gong desse fire dagane vert gjort av utviklingsleiar i samarbeid med rep frå kvar kommune. |                 |           |             |       |                       |     |
| Styringsgruppa region sør<br><i>2 gonger i året</i>  | x               | x (4)     |             | x (1) |                       |     |
| Kjernenettverk region sør<br><i>samhandling med UiS, Dalane og Sandnes 4 ganger i året</i>   | x               |           |             | x (1) |                       |     |
| Samskapingsforum Region sør<br><i>1 gang i året</i>  | x               | x (4)     | x           | x(4)  |                       |     |
| Region Sør – felles leiarsamling<br><i>1 gong i året.</i>  | x               | x(4)      | x           | x (4) | x                     | x   |



## Ressursar i Desentralisert kompetanseutviklingsordning er fordelt på denne måten

### UiS: 20% x 2 fagpersonar

Dei to fagpersonane er med på planlegging av Jærskuledagane og gjennomføringa av desse..  
+++++

### Jærskulen: 20% fagstilling - 4 x 5 % i kvar kommune.

Utviklingsleiar har hovudansvaret for desentralisert kompetanseordning saman med rådgjevarar og skulesjefar i kommunane. Det er styringsgruppa for Jærskulen som set retninga etter jamlege evalueringar gjennom året og grundig i strategigruppa ein gong i året.

### Kommunane: Digitale res.ped 2020/2021

I kvar kommune er det tilsett 2-3 digitale res. pedagogar. Eigen strategiplan for arbeidet 2019-2021

4 samlingar kvart år

– skissere korleis ( lik organisering som i 2019/2020) Alle digitale res. ped har moglegheit møtetid onsdagar


## Organisering



4 Jærskuledagar for skuleleiinga og tillitsvalde i våre 33 skular  
- fellesdel og nettverk

## Tema og kunnskapsgrunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget er felles og vert oppdatert. Kvar kommune og skule tek i bruk felles verktøy for å få til ein praksis som realiserer intensjonane i læreplanfornyinga.



Jærskuledagane vert i fellesdelen m.a. nytta til deling av gode erfaringar med **dialogisk undervisning**, erfaringar frå **CLAE** (kritisk tenking) og arbeid med profesjonsfagleg digital kompetanse (**Pfdk**).

Jærskuledagane skal rettast inn mot læreplanfornyinga og felles verktøy.

## Samskaping UH + Jærskulen

**DEKOM:** Styringsgruppe Jærskulen i samarbeid med fagpersonar UiS

Retning og planar i felles bakgrunnsdokument/plan for Region Sør

Praktisk arbeid før Jærskuledagane og mellom Jærskuledagane skal organiserast av ein frå kvar kommune i samarbeid med utviklingsleiar.

Det er styringsgruppa for Jærskulen som har ansvaret for desentralisert kompetanseordning i Jærskulen.

**Kommunalt ansvar****Ansvar i kommunen:** skulesjef**Ansvar på skulen:** rektor

Fagpersonar frå UH kan vera med å støtte opp om arbeidet som vert gjort i kvar kommune.

## Forskningsprosjekt i Jærskulen 2021-2025

**UH + Skular i Jærskulen**

Forskerprosjekt, søknadsfrist 20. mai 2020

Forskningsprosjektet: NFR + egenfinansiering fra UiS

Jærskolen representert i styringsgruppe for prosjektet

Søknad om "Samarbeids- og kompetanseprosjekt", søknadsfrist 2. september 2020

Finansiering fra alle involverte parter + NFR

Her vil vi måtte lage ny styringsstruktur - enda mer i forlengelsen av DEKOM?

**Tema/idégrunnlag for forskning**

Problembasert undervisning på fagets bakgrunn

3 fag: norsk, historie, naturfag

3 arbeidspakkar

**Arena for forskning**

|   |   |
|---|---|
| <b>Hå kommune</b><br><br>2021/2022<br>7. trinn på ein barneskule<br>2022/2023<br>8.trinn på ein ungdomsskule      | <b>Time kommune</b><br><br>2021/2022<br>7. trinn på ein barneskule<br>2022/2023<br>8.trinn på ein ungdomsskule  |
| <b>Gjesdal kommune</b><br><br>2021/2022<br>7. trinn på ein barneskule<br>2022/2023<br>8.trinn på ein ungdomsskule | <b>Klepp kommune</b><br><br>2021/2022<br>7. trinn på ein barneskule<br>2022/2023<br>8.trinn på ein ungdomsskule |

**Moglege arenaer for deling og læring i Jærskulen**

|   |   |
|---|---|
| <b>Jærskulen</b>                        | 4 jærskuledagar<br>Leiarnettverka<br>Lærarsamlingar på tvers  |
| <b>Kommunen</b>                         | Leiarsamling skule<br>Lærarsamlingar  |
| <b>Skulane som er del av prosjektet</b> | Skulebasert utvikling i fellestid<br>Lag/trinn møter<br>Erfaringsdeling/læring på tvers av skulane som er del av prosjektet |

I det langsiktige arbeidet med praksis i 2020/2021 utviklar Jærskulen eit felles kunnskapsgrunnlag for Jærskulen som kvar kommune og skule arbeidar med bakgrunn i.

#### **Konkret planlagt arbeid med tiltaket 2020/2021:**

- Ein frå skuleeigar i kvar kommune arbeidar tett saman med utviklingsleiar om konkretisering for Jærskuledagane.

- **Styringsgruppa** v/skulesjefar og HTV-ar har dette tiltaket som sak i kvart av møta.

#### **- September 2020: (første Jærskuledagen)**

Kva er felles kunnskapsgrunnlag pr no? Kva vil det seie å arbeide langsiktig med praksis? Korleis har våren 2020 endra – eller korleis kan erfaringar frå våren 2020 endre undervisninga og forbetre læringa hjå elevane?

## 2. Felles samarbeid om teknologi som verktøy for læring

### Profesjonsfagleg digital kompetanse (Pfdk) og desentraliserte kompetansemidlar

Kommunale midlar til desentralisert kompetanseordning vert for skuleåra 2019/2020 og 2020/2021 nytta til 2-3 digitale resurs pedagogar for læringsteknologi i kvar kommune. Dei digitale res. pedagogane har fire nettverksmøte kvart år. I møta er erfaringsdeling og kompetanseheving sentralt. Res.pedagogane har eige ansvar for arbeid ut i kommunane saman med skuleeigar og skuleleiinga.



Samarbeidet om Pfdk er utan fagpersonar frå universitet og høgskular no. Dei fleste som er digitale res.pedagogar har nyleg teke minimum 30 studiepoeng i Pfdk. Ein tenker seg at samarbeidet om Pfdk kan utvidast med fagpersonar frå universitet og høgskular seinare om kommunane ser at ein treng det.

Alle lærarar i Jærskulen fekk i april 2019 moglegheit til å delta på ei undersøking av deira profesjonsfaglege didaktiske kompetanse. Utviklinga av læraren sin digitale kompetanse har eit tosidig siktemål: Den eine handlar om profesjonsutvikling og den andre om måten læraren underviser på. Svara her vert nytta som bakgrunn for kompetanseheving i Jærskulen sine kommunar dei neste to åra.

**IKT res.gruppe:** Pedagogisk og teknisk tilsette innanfor IKT i kvar kommune har nokre møte kvart år. Dette vert kalla for IKT res.gruppe. Samarbeidsmøta er for læring og samarbeid om bruk av læringsteknologi i kommunane. Gruppa har arbeida saman sidan 2016.

**DigUp:** Det er laga intensjonsavtale mellom UiS og kommunane i 2019 om eit forskings og innovasjonsprosjekt med Universitetet i Stavanger. DigUp har mål om å utvikle ein didaktisk digital undervisningsplanleggjar (DigUp)– med lærarar og for lærarar. I 2020 vil skular og lærarar bli involvert i prosjektet. Frå UiS er m.a. Anne Håland, Unni Fuglestad og Mary G. Billington med.

#### Konkret planlagt arbeid med tiltaket 2020/2021:

- Digitale res.pedagogar fortset arbeidet i kvar kommune
- Kommunen sikrar at leiarane og dei digitale res.pedagogane arbeidar saman ut mot skulane for å få gode skulebaserte prosessar
- Evaluere tiltaket vinteren 2020/2021 med tanke på evt vidareføring av tiltaket
- IKT res.gruppe fortset arbeidet. Teams
- Samarbeid med kommunalsjefar, innkjøp og skulesjefar mht vurderinga av nye læremiddel for 2020/2021.
- DigUp vert starta opp. Ønske om at alle lærarar deltek i ei spørjeundersøking i august 2020

### **3. Felles kurs og driftsoppgåver m.a. eksamen, rekruttering**

**1.klassekurs:** Time kommune arrangerer i juni 2020 1.klassekurs for alle lærarar som skal ha fyrste klasse ved skulestart. Dette vert gjort kvart år på rundgang. Kursa er i klasseleiing, lesing og rekning. Det har vore gode erfaringar frå kursa. Kurs 2020 vert gjennomført, men kommunane og skulane sender færre lærarar då Korona tiltak gjer det særskilt krevjande å frigjer lærarar. Kurs våren 2021 vert gjennomført som normalt.

**Munnleg eksamen:** Jærskulen samarbeider med Sola kommune om munnleg eksamen. Ein har et samarbeid før under og etter eksamen er gjennomført kvar vår. Det må gjerast omfattande arbeid i 2020/2021 for å førebu munnleg eksamen for våren 2022. Elevar som går ut 10.klasse våren 2021 skal ha eksamen ut frå gammal læreplan. Ny læreplan vert innført frå og med hausten 2020.. Ein frå kvar kommune deltek i eksamensgruppa. Eksamensgruppa vil i 2020/2021 leggje planar for ny instruks, nye fagrapportar og evt ny eksamensform som følgje av ny læreplan.

**Rekruttering:** Ein lærar frå kvar kommune er rekrutteringslærar. Nokre av desse har vore med saman med representant frå skuleeigar i Jærskulen på Karrieredag på Universitetet i Stavanger ved oppstart av kalenderåret og ein rekrutteringskveld på Forum Jæren 2.januar. Her får studentar stilla relevante spørsmål. Det har vore ei auke søkjarar til Jærskulen.

**Rettleiing:** Jærskulen har fire lærarar som har vidareutdanning i rettleiing som har rettleiing i grupper for lærarar som er i sitt andre arbeidsår. I 2019/2020 er det 24 lærarar som har takka ja til denne rettleiinga i grupper. Dei fire kommunale rettleiarane gjer ein svært stor og viktig jobb for Jærskulen. Dette får ein noko ekstra betalt for.

**Lærarsamlingar:** Dei 7 nettverka med leiarar på tvers av kommunane har arrangert ulike lærarsamlingar i eigne nettverk. Dersom leiarnettverk ønskjer å ha lærarsamlingar på tvers av skulane for å få til gode skulebaserte prosessar på eigen skule så kan leiarane arrangere det. Styringsgruppa for Jærskulen ser på om ein skal ha ei stor felles lærarsamling våren 2021 for alle lærarar i Jærskulen.

#### **Høyringar:**

Ny opplæringslov er foreslått. Det er høyring sommaren 2020 og det vert ny høyring våren 2021. Dette er ei lovendring som Jærskulen sine fire kommunar vil arbeida med internt i kvar kommune og i samarbeid med kvarandre.

### Konkret planlagt arbeid med tiltaket 2020/2021:

- 1.klasse kurst vert gjennomført som planlagt i mai/juni 2021. Arrangør dette året er Klepp kommune
- Munnleg eksamen samarbeidet fortset som planlagt
- Rekruttering og Rettleiingsarbeidet fortset som planlagt
- Lærarsamlingar vert vurdert av nettverka og styringsgruppa der ein ser det er formålstenleg.
- Høyringar og samarbeid på skuleeigarnivå vert koordinert og bestemt av styringsgruppa for Jærskulen.

### Driftsansvar kommunane:

*Time: IKT res. gruppe-*

*Hå: portalane til websidene for Jærskulen og tryggskule.no*

*Klepp: Rekruttering og Rettleiing*


*Gjesdal: Eksamen*

*Anna: Utviklingsleiar.*

## 4. Trygt og godt læringsmiljø

**Portal:** Jærskulen har eit samarbeid om ein portal der ein finn noko informasjon og malar som ein kan nytte når ein oppdagar at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no)

**Inkluderande barnehage og skulemiljø:** Åtte av skulane har i 2019 avslutta ei kompetanseheving i Inkluderande barnehage og skulemiljø, ei statleg satsing frå Utdanningsdirektoratet. Åtte skular og åtte barnehagar har hatt eit interkommunalt samarbeid i regi av Jærskulen. Evalueringa frå denne kompetansehevinga syner at skulane er godt nøgde med den auka kompetansen ein har fått i prosjektperioden 2017-2019. Ni nye skular starta opp skuleåret 2019/2020 og seks skular er med i den siste pulja med oppstart hausten 2020. Totalt har 23 av 33 skular vore eller er med i kompetansehevinga



For å få til gode læringsmiljø treng ein å byggje kapasitet på skulane. Ein treng kompetanse om korleis ein skal fremje, forebygge og handtere mobbing og andre



krenkingar. I tillegg må skulane arbeida systematisk for å sikra at alle elevar skal oppleva å bli inkludert og ha det bra på skulen.

Skulane har desse delpliktene:

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøke
- Plikt til å setje inn tiltak

**Skuleeigarnivå:** Der er og erfaringsdeling arbeid med trygt og god læringsmiljø på skuleeigarnivå. Det gjeld både førebyggjande arbeid og læring kommunane for eksempel får om ein av kommunane har tilsyn frå Fylkesmannen.

**Robust:** I 2019 sa skuleeigarar ja til å leggje til rette for at ungdomsskulane i dei fire kommunane kunne vera ein del av forskingsprosjektet Resilient i regi av Universitetet i Stavanger. Resilient utviklar og testar ut undervisningsopplegget ROBUST. I starten av 2020 har nesten alle ungdomsskulane og 1-10 skulane på Jæren takka ja til å vera med frå og med hausten 2020. Prosjektet er utsett til hausten 2021 og då vil halvparten av 9.klassingane vil få undervisninga ROBUST. [www.uis.no/robust](http://www.uis.no/robust)

Dei 25 undervisningsøktene i ROBUST har som mål å auke trivsel og motivasjon hjå elevar i ungdomsskulen gjennom å fremme sosial og emosjonell kompetanse. Forskingsprosjektet er eit randomisert kontrollert studie. Både elevar som får undervisninga, og elevar som ikkje får undervisninga vil få spørsmål som dei skal svare på. Resultata frå forskingsprosjektet vil kommunane mellom anna nytte til å ta i bruk alt, eller deler av undervisningsopplegget ROBUST for alle elevane våre etter kvart.

#### **Konkret planlagt arbeid med tiltaket 2020/2021:**

- Portalen [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no) må reviderast og evaluerast. Vert den brukt av skulane? Udir har etter at portalen vert laga fått gode sider. Kan noko nå forenklast?
- Erfaringar og kompetanse frå inkluderande barnehage og skulemiljø må nyttast og spreiaast til kvar enkelt skule og barnehage i kommunen. Dette arbeidet heng tett saman med overordna del av læreplanen.
- Robust skal ha oppstart hausten 2021. Lærarkursdagar vert våren 2021. Arbeid med forankring og førebuing for eit godt forskingsprosjekt. Utviklingsleiar har koordineringsansvar for alle 6 kommunane. Kvar av kommunane på Jæren har ein 5% stilling til å følgje opp eigne skular i arbeidet.



Foto: Stock

## Del 4. Årsrapport Jærskulen 2019 (mars 2020)

### Politisk vedtak juni 2019

Jærskulen har vore eit prosjekt for Gjesdal, Hå, Klepp og Time i perioden 2011-2019. Frå 2013-2019 har det vore arbeid i kommunane på leiarnivå og noko på lærarnivå. Våren 2019 slutførte styringsgruppa for Jærskulen hovudevalueringa for Jærskulen. Det er ein eigen rapport som vart handsama i utvala i dei fire kommunane i mai 2019 og i dei fire kommunestyra i juni 2019.

I kommunestyret i Gjesdal, Hå og Time vart dette vedtaket fatta (einstemmig):

1. *Sluttrapporten om Jærskulen tilseier at samarbeidet går over i ein fast avtale og at dette held fram under namnet Jærskulen.*
2. *Rådmennene får fullmakt til å gjennomføra dei organisatoriske endringane som ein treng for å vidareføra Jærskulen.*
3. *Jærskulen avgir ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.*

Evaluering av Jærskulen var og sak i Klepp kommunestyremøte 17.juni 2019

Vedtak i kommunestyret i Klepp var dette:

(Forslaget fekk 25 stemmer. Alternativt forslag fekk 6 stemmer (Ap og V))

1. *Prosjektperioden med Jærskulen blir forlenga i tre år.*
2. *Det blir utarbeida ei ny evaluering i 2022 som skal sjå på om og korleis samarbeidet skal vidareførast.*
3. *Alle lærere og rektorer deltek i ei ekstern spørreundersøking hausten 2019, for å sikra forbedring av Jærskulen*

Klepp har definert Jærskulen som eit prosjekt. Prosjektet er dei organisatoriske endringane som vert gjort i 2019/2020. Denne rapporten er eit svar på politisk vedtak frå Gjesdal, Hå og Time som seier at *Jærskulen avgir ein årleg rapport i tillegg til tilstandsrapporten.*

## Kva er Jærskulen?

**Jærskulen er ein utviklingsorganisasjon.** Jærskulen kan sjåast på som ein utviklingsorganisasjon som skal bidra til å støtte kvar kommune sitt arbeid med skuleutvikling og profesjonsutvikling.

**Samanheng mellom styring og læring.** Ei viktig utfordring for Jærskulesamarbeidet har vore å styrke samanhengen mellom styring og læring på kommunalt og interkommunalt nivå. Strategiane i Jærskulen må sjåast i samanheng med kommunale strategiar slik at heilskapen vert ivaretatt på ein god måte.

**Skulebaserte utviklingsprosessar.** Ut frå analysar på skulenivået prioriterer kvar skule sine utviklingsområde. Lærarar og profesjonen er engasjert i dette arbeidet lokalt på kvar skule. Forsking og erfaring har vist at om ein skal ha reell skuleutvikling, så handlar det om å få til gode skulebaserte prosessar. Denne innsikta har og ført til endringar i den statlege styring av skulen. Føringar frå staten for Desentraliserte kompetansemidlar (Dekom) tek og utgangspunkt i at ein skal ha lokale skulebaserte prosessar for utvikling på skulane framover.

Skulane har erfaringar med skulebaserte utviklingsprosessar gjennom Jærskulen, kommunane og m.a. satsinga Ungdomstrinn i utvikling (UiU). Leiarane på kvar skule har ansvar på eigen skule i samarbeid med eigne lærarar.

**Tett oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid.** Ei kjerneoppgåve for dei skulefaglege tilsette på kommunenivå er oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid. Skulesjefar og rådgjevarar i dei fire kommunane er tett på skulane sine i oppfølgingsarbeidet og ein har erfaringsdeling på tvers av kommunane i dette arbeidet.

**Partssamarbeidet.** Gjennom Jærskulen er det satsa mykje på å utvikle partssamarbeidet der Utdanningsforbundet spelar ei sentral rolle som pådrivar for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Dette har i stor grad vore nybrottsarbeid med eit stort og spennande potensiale. Andre tillitsvalde har og vore viktige for samarbeidet i Jærskulen, men sidan det er Utdanningsforbundet som famnar dei fleste tilsette i Jærskulen, har desse hatt den mest sentrale rolla. Medbestemmelse og medskapingsprosessar med leiarar har ein lært mykje om i organisasjonen.

For å lykkast med å hjelpa kvar enkelt elev i kvart klasserom vil Jærskulen sitt samarbeid hovudsakleg vera retta inn mot leiarar og tillitsvalde. Leiinga har ansvar på kvar enkelt skule. Lærarane si stemme går gjennom partssamarbeidet, og det gode arbeidet som skjer på kvar enkelt skule.

## Økonomi og effektivisering

Jærskulen hadde for 2019 eit budsjett på totalt kr 1 253 000. Dette var budsjettet med 313 250 for kvar av dei fire kommunane. I 2019 vart kvar kommune fakturert med 235 706 for Jærskulen. Grunn til at kostanden til kommunane vart mindre i 2019 enn budsjettet er eksterne prosjektmidlar som er tatt inn i regnskapet. Budsjett for 2020 er likt som 2019. Jærskulen har ein tilsett som er utviklingsleiar. Dei største postane er løn til utviklingsleiar, felles kompetansetiltak og felles annonsering.

## Formål for Jærskulen frå og med 2020 av

Samarbeid og læring i eit større fellesskap på tvers av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time i Jærskulen styrkar kommunane og skulane i si utvikling. Læringsfellesskapet er med på å skapa gode og trygge læringsmiljø som fremmar den enkelte elev si læring. I arbeidet med å fremma læringa for elevane på våre 33 skular er skuleleiarane sentrale. Jærskulen skal vera med på å styrka skuleleiarane i sine roller slik at det vert lagt til rette for profesjonsfaglege fellesskap med skulebaserte prosessar på eigen skule.

## Målet med læringsfellesskapet i Jærskulen

Jærskulen har skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som jamleg reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar eigen praksis.

## Mål for Jærskulen

Måla for Jærskulen er dei overordna nasjonale måla for sektoren.

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

Måla er nasjonale og gjeldande for kommunane og skulane. Jærskulen har utvalde tiltak som ein samarbeider om. Desse tiltaka dekker deler av dei nasjonale måla.

### *Tiltak*

***I tiltsandsrapporten for Jærskulen i 2019 er det teke bort tiltaksdelen her i denne versjonen då det står tidlegare i dette dokumentet***

## Undersøking desember 2019

I desember 2019 svarte 77,4% av alle lærarane på ei undersøking. Undersøkinga vart laga som følgje av politisk vedtak i Klepp, men dei tre andre kommunane ønska å vera med. Undersøkinga syner at det er få forskjellar mellom kommunane på dei spørsmåla som er stilt. Det var 15 spørsmål. Fleire spørsmål var opne. Skulane har fått ei oppsummering av eigne svar. Kommunane oversikt over alle sine svar.

I Gjesdal opplever lærarar i mindre grad enn dei andre tre kommunane at utviklingsplanane har færre område og tydelegare mål. I Klepp og i Gjesdal er det flest lærarar som ikkje har hatt særleg utbytte av lærarsamlingar. Nokre lærarar seier at samlingane har vore for dårleg førebudde, andre seier dei skårar dei lågt fordi det er for mykje gruppearbeid, andre meiner det er for lite gruppearbeid og andre igjen fortel om at andre lærarar som dei skal samarbeide med ikkje er førebudde nok. Svara her samsvarer med det evalueringa våren 2019 synte. Endringar som vert gjort for Jærskulen i 2020 tek med seg evalueringa og spørjeundersøkinga frå desember 2019.

Lærarar i Jærskulen opplever i stor grad at dei er ein del av eit profesjonsfagleg fellesskap. Det er arbeida systematisk og godt omkring samarbeid på skulane over år. Dette er eit svært godt grunnlag for å få til ny læreplan på kvar skule. Læreplanen forutset at ein skal samarbeida mykje og godt saman.

Lærarar i Jærskulen opplever i stor grad at elevar og lærarar har fått god opplæring i bruk av Ipad /Chromebook på eigen skule. Her syner resultata at kommunane og leiarane har gjort ein svært god jobb.


Spørjeundersøking til lærarar i Jærskulen i desember 2019 (svarprosent 77,4%):

*Graderte svar: Det stemmer i liten grad 1-Det stemmer i stor grad 5*

| Spørsmål  | Gjesdal | Hå  | Klepp | Time | Jærskulen |
|---|---------|-----|-------|------|-----------|
| 4) Skuleleiarane skal leggje til rette for skulebaserte prosesser på eigen skule. Jærskulen skal støtte leiarane i å få til 3.5 i Overordna del av læreplanen: Profesjonsfelleskap og skoleutvikling. På min skule har me eit godt profesjonsfaglig fellesskap. | 3,9     | 4,0 | 3,9   | 3,9  | 3,9       |
| 7) Det har vore eit mål i prosjektperioden til Jærskulen at utviklingsplanane skulle ha færre område og tydelegare mål. Utviklingsplanen på min skule har færre og tydelegare mål no enn i tida før 2013.   | 3,1     | 3,6 | 3,6   | 3,7  | 3,5       |
| 8) Alle elevar har læringsbrett (Ipad eller Chromebook). Opplæringa for elevar og tilsette har vore god på min skule  | 4,2     | 4,1 | 4,2   | 4,2  | 4,2       |
| 9) Som lærar er det viktig for meg å arbeida i ein kommune der elevane har eige læringsbrett (Ipad eller Chromebook).   | 3,9     | 3,9 | 3,9   | 4,0  | 3,9       |
| 10) For å få ei god tilpassa læring er det veldig viktig at elevar på 1-4.trinn også i framtida har læringsbrett (Ipad eller Chromebook) i min kommune. *   | 3,6     | 3,7 | 3,7   | 3,7  | 3,7       |
| 11) Eg har hatt utbytte av å vera på lærarsamlingar i regi av Jærskulen.  | 2,9     | 3,4 | 3,0   | 3,2  | 3,2       |

\*Lærarar som arbeidar i ungdomsskulen svarer i snitt 2,8 på dette punktet. Lærarar som arbeidar i småskulen svarer i snitt 4,3 på dette punktet.

Vinteren 2019/20 har det vore ein debatt m.a. i media om bruk av læringsbrett for elevar 1-4. Skuleeigarar i Jærskulen er klare på at verktøyet som læringsbrett er for læring og undervisning, er nødvendig og for 1-4.trinns elevar. Dette vert støtta av lærarar som underviser på 1-4.trinn. I snitt svarer lærarar 1-4.trinn 4,3 på dette spørsmålet. (skala 1-5)



### Nettverk i 2019 og i 2020

Skuleleiarar er organiserte i leiarnettverk på tvers av kommunar. Barneskular er saman med barneskular, ungdomsskular med ungdomsskular og 1-10 skular med 1-10 skular. Denne organiseringa vil halde fram for 2020 og. Skuleleiarane har hatt fem nettverksmøte i skuleåret 2019/2020. I 2020/2021 vil det vera 4 møte. Arbeidsplassstillitsvalde har og vil framleis ha nettverk på tvers av kommunane.

Samansetninga i styringsgruppa er endra. Her har skulesjefane gått inn i staden for kommunalsjefane. Skulesjefane utgjør styringsgruppa saman med dei hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet og utviklingsleiar i Jærskulen. Vidare er det sett i gang eit arbeid for å sjå på organiseringa av leiarnettverka på tvers av kommunane.

2020 vert det fyrste året med ei fast og varig organisering. Samarbeid mellom skuleeigar, politisk og administrativt vert viktig for det vidare arbeidet. Ein ser og at Jærskulen treng å kommunisera tydeleg kva ein ønskjer samarbeidet skal vera, og kva det ikkje skal vera. Jærskulen sitt læringsfellesskap skal fremme læring for kvar enkelt elev. I samarbeidet om skuleutvikling mellom fire kommunar får ein til meir og betre utvikling for elevane. Det er kommunane som styrer kva Jærskulen er og skal vera. Arbeidet i Jærskulen skal styrkje utviklinga i kommunane og på skulane. Det skal ikkje vera noko anna.

## Det store oppdraget til skulen

Forventingane til resultat av opplæringa er formulert i læreplanverket.

«Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring» § 1-1. *Formålet med opplæringa.*

Hausten 2020 vil ny læreplan gjelda for skulane og kommunane. Læreplanen er mykje meir enn fag og grunnleggjande ferdigheiter som ein måler under nasjonale prøvar. Skulen har eit stort samfunnsoppdrag til å utdanne og danne born og unge som veks opp i Time, Hå, Gjesdal og Klepp.



Foto:udir.no

Jærskulen har eit felles kvalitetssystem for korleis ein følgjer opp skulane, der ein m.a. har fleire dialogmøte med resultatoppfølging med kvar skule. Kvalitetssystemet seier noko om kva ansvar leiarane har og kva ansvar lærarane har.

Det å sørge for at læreplanverket er i samsvar med nasjonale forventningar og krav er eit ansvar som ligg på politisk skuleeigar saman med skuleleiarar og lærarar.

Administrasjonen har eit ansvar for å sørge for at skulane har god utvikling. Støtte, samhandling og dialog er viktig, men og kontroll og systematikk i oppfølging av skulane.